



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	25.06.2015
Tid:	16:30 – 23.15

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Fred Hansen	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Kjerstin M. Lilleøy Nygard	Medlem	H
Norvald Muren	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Janita Iren Westbø Remøy	MEDL	AP
Camilla Storøy	MEDL	KRF
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
---------------------	------	-----

Varamedlemer som møtte:

Runar Stave	Janita Iren Westbø Remøy	AP
Mona Grethe Ryssevik	Camilla Størøy	KRF
Knut Tandberg	Marthe Vågsholm Sævik	H
Oddmund Voldsund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Dag Kåre Nærø	FRP
Solveig Helen N. Båtsvik	Thor-Sigmund Garvik	FRP

Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnestad
Rådmann Olaus Jon Kopperstad
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar Hallvard Rusten
Personalleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Avdelingsleiar for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.
Møtet var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene.

Det møtte 27 faste og 6 vara, fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart valde:
Stian Elveseter og Kjell Runde

Bjarne Kvalsvik stilte spørsmål til ordføraren om han er kjend med regelverket for journalføring av offentleg post? Brev frå Bjarne Kvalsvik vart gitt til ordføraren. Arnulf Goksøyr svarte på spørsmålet til slutt i møtet.

Ordførar Arnulf Goksøyr overrekte Arbeidsmiljørprisen 2015 til Gunnar Roseth

Ingen hadde merknader til at K-sak 83/15 og 86/15 vart flytta og handsama først i møtet.

Svein Gjelseth kom til møtet etter vedtak i K-sak 83/15

Til slutt i møtet vart eigarutøving drøfta. Ordførar Arnulf Goksøyr konkluderte med at sak om selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement bør reviderast. Ingen hadde merknader til dette.

Desse skriva vart sendt på epost til medlemmer og varamedlemer i forkant av møtet:

K-sak 34/13 Endring av leigeavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Konserthus AS
K-sak 63/10 Selskapskontroll. Rekneskapsåret 2008
K-sak 183/07 Selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement
K-sak 10/13 Fosnavåg Konserthus AS – Utviding av aksjekapital
Protokoll frå ordinær generalforsamling i Fosnavåg Konserthus AS 08.06.2015
Brev frå Rem Offshore ASA datert 18.06.2015
Brev frå Olympic Shipping AS datert 16.06.2015
Brev frå Per Kristian Furø datert 17.06.15

Skriv delt ut i møte:

Vedtak frå formannskapet i K-sak 86/15
Korrespondanse om eigarutøving
Oversikt over fastlegesituasjonen i Herøy kommune
Oversikt over medlemmer og varamedlemer i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Saksframlegg med vedlegg av K-sak 86/15.

Stian Elveseter

Arnulf Goksøy
underskrifter

Kjell Runde

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 69/15	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 70/15	Protokoll frå førre møte.
PS 71/15	Delegerte saker
PS 72/15	Referatsaker
PS 73/15	Godkjenning av årsrekneskapen for 2014
PS 74/15	Inndekning av det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014
PS 75/15	Årsrapport 2014
PS 76/15	Herøy kyrkjelege fellesråd - budsjettregulering 2015
PS 77/15	Budsjettkontroll per 30.04.2015
PS 78/15	Tertialrapport per 01.05.2015.
PS 79/15	Finansrapport 1. tertial 2015
PS 80/15	Herøy vasslag BA- Søknad om kommunal lånegaranti, stor NOK 30,0 mill kroner
PS 81/15	Asfaltering av grusvegar 2014 - Objekt 51406. Økonomisk avslutting.
PS 82/15	Reasfaltering av kommunale vegar 2014 - objekt 51407. Økonomisk avslutting.
PS 83/15	Hovudplan vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur. Sluttbehandling av hovudplan - vidare prosess.
PS 84/15	Kommunereform - status pr. 1. halvår 2015
PS 85/15	Lokalisering av omsorgssenter for Herøy
PS 86/15	Detaljreguleringsplan helse- og omsorgssenterområdet - slutthandsaming
PS 87/15	Val av to styremedlemmer med personleg vara til styret i Herøy Frivilligsentral
PS 88/15	Val av ny styremedlem til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 192/15 Gnr 37 Bnr 139 og 119 Frådeling av areal til offentleg formål
- DS 193/15 Per Svenning Madsen - 26/100 - Overbygg veranda/garasje
- DS 194/15 Kirsti Myklebusthaug og Lene Solemsaunet - 12/157 - Igangsettingsløyve ny einebustad
- DS 195/15 Ferdigattest - 37/237 - tilbygg/skråtak
- DS 196/15 Ferdigattest - 34/50 - bod
- DS 197/15 Mellombels bruksløyve - 60/32
- DS 198/15 Mellombels bruksløyve - 28/5 - seksjon nr 1
- DS 199/15 Trond Vegard Myrvågnes - 28/1 - Altan
- DS 200/15 Herøy kommune 37/394 - Endring av tidlegare løyve
- DS 201/15 Knut Peter Sævik og Maria Isabell Abeltun 26/235 - Løyve til oppføring av bustadhus
- DS 202/15 Roy Endre Håvik 44/69 - Løyve til oppføring av garasje med bod
- DS 203/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 - Igangsetjingsløyve for riving og grunnarbeid
- DS 204/15 Boguslaw Lopuszynski 34/401 - Løyve til oppføring av nytt tak
- DS 205/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning - Fosnavåg Rock 2015
- DS 206/15 Gnr 37 Bnr 257 - Deling grunneigedom til offentleg formål
- DS 207/15 Vidar Nerland - 4/333 - Einebustad
- DS 208/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket arrangement)
- DS 209/15 Herøy kommune - 45/47 - Midlertidig garasje
- DS 210/15 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til bruksendring fra lager til kantine
- DS 211/15 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 - Igangsetjingsløyve for sanitærinstallasjon samt tømrerarbeid og ventilasjonsarbeid
- DS 212/15 Gnr 83 Bnr 4 Herøy kommune - Deling av grunneigedom

DS 213/15

Ferdigattest - 60/45 og 376

DS 214/15

Vidar Myklebust - 36/79 - Garasje

Referatsaker

- RS 16/15 Særutskrift - AMU-sak 11/15. Sjukefråvær
1. tertial 2015
- RS 17/15 SSR - Signert protokoll frå møtet i
representantskapet 12/5-2015
- RS 18/15 Sakliste til møte i likestillingsutvalet
10.06.15
- RS 19/15 Protokoll fra ordinær generalforsamling
Fosnavåg Konserthus AS
- RS 20/15 Innkalling generalforsamling Fosnavåg
Konserthus
- RS 21/15 HE 03-15 MØTEPROTOKOLLEN 15.06.15
- UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET
- RS 22/15 HE 02-15 MØTEPROTOKOLLEN -
UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

PS 69/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 70/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre måte låg føre

PS 71/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 72/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 73/15 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2014 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

PS 74/15 INNDEKNING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MEIRFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2014

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Det rekneskapsmessige meirforbruket i driftsrekneskapen for 2014, kr 934.821,00, vert dekt inn ved bruk av kommunens disposisjonsfond.

Konto 19404/9017/880 Bruk disposisjonsfond – opp NOK 934.821,00

PS 75/15 ÅRSRAPPORT 2014

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Årsrapport 2014 vert godkjend.

PS 76/15 HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD - BUDSJETTREGULERING 2015

Møtebehandling:

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål då han er leiar i Herøy kyrkjelege fellsråd.
Han går frå under handsaming av habilitet.
Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend habil.

Bjørn Otterlei reiste habilitetsspørsmål då han er medlem i Herøy kyrkjelege fellsråd.
Han går frå under handsaming av habilitet.
Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend habil.

Tor Sindre Steinsvik vart kjend habil mot 7 røyster
Bjørn Otterlei vart kjend habil mot 6 røyster

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

1. Herøy kommune finn å kunne auke overføringane til Herøy kyrkjelege fellsråd med kr 250.000,- eller om lag 3,75% til i alt kr 6.110.000,-.

Det medfører slik budsjettendring:

- Konto 14700 (overføringar til andre), ansvar 1281 (overføring til religiøse organisasjonar) og funksjon 390 (den Norske kyrkje) opp kr 250.000,-
 - Konto 15400 (bruk av disp fond), ansvar 1281 og funksjon 390 opp kr 250.000,-
2. Den resterande delen bes fellesrådet finansiere ved hjelp av eige disposisjonsfond.

PS 77/15 BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2015

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

- 1 Budsjettkontrollen per 30.04.2015 vert teken til vitande
- 2 Ein må jobbe kontinuerleg med kostnadskontrollen framover

PS 78/15 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2015.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

PS 79/15 FINANSRAPPORT 1. TERTIAL 2015

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

1. Finansrapporten per 30.04.2015 vert teken til vitande.

PS 80/15 HERØY VASSLAG BA- SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR NOK 30,0 MILL KRONER

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Fred Hansen reiste habilitetsspørsmål då han er leiar i Moltustranda Vassverk SA. Han går frå under handsaming av habilitet.

Fred Hansen vart samrøystes kjend habil.

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål då faren er varamedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 2. ledd.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Herøy kommune vil yte ein kommunale lånegaranti (simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon) på inntil 30,0 mill kr + 10% til Herøy Vasslag SA.

Garantien blir gitt med føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning.

PS 81/15 ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014 - OBJEKT 51406. ØKONOMISK AVSLUTTING.

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

1. Herøy kommunestyre tek saka til vitande.
2. Mindreforbruket på 88.370 kroner har vorte brukt til finansiering av andre investeringsprosjekt.

PS 82/15 REASFALTERING AV KOMMUNALE VEGAR 2014 - OBJEKT 51407. ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Kommunestyret tek bruken av midlar til reasfaltering i 2014 til vitande.

PS 83/15 HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR. SLUTTBEHANDLING AV HOVUDPLAN - VIDARE PROSESS.

Møtebehandling:

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag SA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Fred Hansen reiste habilitetsspørsmål då han er leiar i Moltustranda Vassverk SA. Han går frå under handsaming av habilitet.

Fred Hansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Sigurd Nygard reiste habilitetsspørsmål då han er medlem i valnemnda i Stemmedalen Vasslag.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Sigurd Nygard vart samrøystes kjend habil.

Per Kristian Furø fremma rådmannen si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at Hovudplan vassforsyning, sist revidert 04.06.2015, skal leggest til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Med tilvising til hovudplanen og konklusjonane i denne ber kommunestyret om at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing av dagens private vasslag/-verk til eit samla vassverk. Det bør vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.
2. Samanslåing av vassverka må vere tufta på frivilligheit, og kvart enkelt vassverk må stå fritt om dei vil gå inn i eit samla vassverk

PS 84/15 KOMMUNEREFORM - STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Kommunestyret gjev fylgjande mandat til *arbeidsgruppa for kommunereforma*:

- Arbeidsgruppa innhentar informasjon og skal vere open for alle dei sju alternativa til samanslåingsmodell.
- Arbeidsgruppa skal vere ein pådrivar i det vidare arbeidet med kommunereforma.
- Arbeidsgruppa rapporterer jamnleg til formannskap og kommunestyret om arbeid og legg fram forslag til vedtak i saka.

Kommunestyret vil vidareføre arbeid med «nabopratar» og vil starte slike møter med fylgjande kommuner:

- Sande
- Vanylven
- Hareid

Ungdomsrådet, eldrerådet og dei tillitsvalde vel ein representant kvar som deltek i *arbeidsgruppa for kommunereforma*.

PS 85/15 LOKALISERING AV OMSORGSSENTER FOR HERØY

Møtebehandling:

Komiteleiar for Helse og omsorg Fred Hansen orienterte.

Rådmannen si tilråding med Komite for helse og omsorg sitt punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

PS 86/15 DETALJREGULERINGSPLAN HELSE- OG OMSORGSSENTEROMRÅDET - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Herøy kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, detaljreguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg sist revidert 17.06.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 87/15 VAL AV TO STYREMEDLEMMER MED PERSONLEG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Til styret i Herøy Frivilligsentral vert valde:

Styremedlem:	Personleg vara:
Karl Anders Brendmo	Karine Sæter
Gudbjørg Dale	Åshild Ørnhaug

PS 88/15 VAL AV NY STYREMEDLEM TIL SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS

Møtebehandling:

John Nerem reiste habilitetsspørsmål då han er varamedlem i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Han går frå under handsaming av habilitet.

John Nerem vart samrøystes kjend habil.

Stian Elveseter reiste habilitetsspørsmål då han er varamedlem i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Stian Elveseter vart samrøystes kjend habil.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy reiste habilitetsspørsmål då han er varamedlem i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend habil.

AP/V, Per Kristian Furø kom med framlegg om Ragnvald Nærø som ny styremedlem.

Det vart halde gruppemøte.

FrP/H, Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med framlegg om Tor Sindre Steinsvik som ny styremedlem

Henry Jøsokbakke refererte brev frå Bjørn Martin Aasen datert 29.04.15.

19 røysta for Tor Sindre Steinsvik og 14 røyste for Ragnvald Nærø.

Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015

Ny styremedlem i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS vert valt:

Tor Sindre Steinsvik

MØTET SLUTT!